



Fylkestinget i Hordaland

Dato: 11.10.2017
Vår ref.: 2014/11715-32
Saksbehandlar: anifjel
Dykkar ref.:

Innkalling til felles fylkesting for Hordaland og Sogn og Fjordane – tilbod om felles reiseopplegg for fylkestinget sine medlemmer

I samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet vert det kalla inn til felles fylkestingsmøte for Hordaland og Sogn og Fjordane i Gulen fredag 27. oktober 2017

Fylkesrådmann har utarbeida eit opplegg for fellestransport for dei som ynskjer det. Vi ber om de snarast råd, og innan måndag 16. oktober, melder attende til folkevalde@hfk.no om de ønskjer å nytte følgjande fellesopplegg:

- Busstransport frå fylkeshuset i Bergen, avgang kl. 7:30
- På stiging Åsane terminal kl. 7:40
- På stiging Knarvik skysstasjon kl.8:00
- Retur med buss frå Gulen med ankomst Bergen innan kl. 21:00
- Overnatting Grand hotel Terminus torsdag 26. oktober (for dei som måtte trenge det)

Jf. Elles vedlagte program for samlinga i Gulen

Øvind Strømmen (MDG), Marthe Hammer (SV) har forfall – Nils-Anders Nøttseter (MDG), Einar Horvei (SV) vert innkalla særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylla ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i fylkestinget. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Ta gjerne kontakt på folkevalde@hfk.no eller tlf 55 23 90 15 om du har fleire spørsmål.

Pål Kårbø
fung. fylkesordførar

Vedlegg:
Innkallingsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet